Frå høvdingdøme til statsmakt i Noreg

Knut Dørum og Eirin Holberg

Frå høvdingdøme til statsmakt i Noreg

ca. 200–1350

CAPPELEN DAMM AKADEMISK

© CAPPELEN DAMM AS, Oslo, 2021

ISBN 978-82-02-72316-3
1. utgåve, 1. versjon 2021
E-utgåva baserer seg på 1. trykte utgåve, 2021

Omslagsdesign: Cappelen Damm AS/Anders Tangerud
Omslagsfoto: Olavsfrontportalen/Kulturhistorisk museum, UiO
Sats/design: Bøk Oslo AS
Elektronisk tilrettelegging: Bøk Oslo AS

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av føresegner i åndsverklova. Utan særskild avtale med Cappelen Damm AS er all slags eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillaten i den utstrekning det er heimla i lov eller tillaten gjennom avtale med Kopinor, interesseorgan for retthavarar til åndsverk.

www.cda.no
akademisk@cappelendamm.no

Cappelen Damm AS er sertifisert iht. FSC®, PEFC og Miljøfyrtårn.

Innhald

Føreord 9

Kapittel 1
Den lange vegen mot ein stat 11

Kapittel 2
Debatten om staten før 1350 17
Staten har valdsmonopol 18
Den sterke mellomalderstaten 20
Den svake mellomalderstaten 21
Den primitive staten 25
Den norske debatten 27
Arkaisk stat, høvdingdøme eller herredøme? 29
Statssamfunn eller førstatlege samfunn på 1200-talet? 33
Ulike definisjonar 39
Mot ein statsdefinisjon 40

Kapittel 3
Småkongar nord for Romarriket ca. 200–550 43
Regionale rike i romartida og folkevandringstida 45
Gardssamfunnet vinn fram 47
Høvdingstyrt landnåm? 49
Frå stammesamfunn til arkaisk stat i Norden? 51
Kontakten med Romarriket 53
Militær romanisering 55
Ringtun og hærkongar 58
Gullbrakteatane og gudemotiv 61
Gjennombrotet i romartida 64
Landskapsnamn, stammeland eller småkongedøme? 65
Teori om sentralstaden i jernalderen 66

Kapittel 4
Krise og konsolidering ca. 550–900 71
Den store krisa 72
Sakralkongedømet får ein mytologi 75
Maktsenter før Harald Hårfagre 79
Dei germanske kongedøma 83
Noreg i europeisk samanheng 86
Vikingtidas politiske økonomi 87

Kapittel 5
Plyndrings- og slaveøkonomi ca. 900–1100 93
Det ytre landnåmet 96
Det indre landnåmet 101
Ressursmobilisering – utmark, produksjon og handel 104
Tributtsamfunnet 109
Godssystem og bondesjølveige 111
Ættesamfunn og politisk venskap 115
Dei mange slavane i ei overgangstid 117

Kapittel 6
Rikssamlinga ca. 900–1100 121
Velde og rike blir det same 123
Harald Hårfagre og samlingsverket 125
Samling mot den danske kongen 128
Noreg som odel 130
Det norske riket tek form 133

Kapittel 7
Trusskiftet – langsamt eller raskt? 137
Når kom gjennombrotet? 139
Mot eit kristent kongedøme 143
Kyrkja under verdsleg makt 146

Kapittel 8
Tidleg statsutvikling i Noreg på 900- og 1000-talet? 153
Lagting og leidang 153
Bakgrunnen for leidangen 154
Dansk eller norsk leidang på Austlandet? 156
Kor viktige var lagtinga? 157

Kongsgardar og Huseby-gardar 158
Årmenn og lendmenn 161
Kongar grunnlegg byar 162
Kongeleg myntvesen 164
Motstandsrett og bondemakt 166
Opphøgd konge og beste mann 167
Skandinaviske kongedøme på 900- og 1000-talet 169

Kapittel 9
Jordegods, byar og pengar som maktgrunnlag 175
Frå samkongedøme til einekongedøme 176
Borgarkrigane og statsutviklinga 179
Styrt nyrydding og frigiving 180
Godsøkonomi og leiglendingsvesen 183
Urbanisering 186
Monetarisering 189
Eit bynært godseigararistokrati i kongsteneste 193

Kapittel 10
Eit svakt eller sterkt kongedøme ca. 1100–1350? 197
Ein modell for statsutvikling 199
Rettsrevolusjonen i ein europeisk kontekst 201
England, Frankrike og Tyskland 202
Paven og keisaren – to imperium 207
Konstitusjonalisme og kommunalisme 210
Ein allmektig konge i teorien 212
Kongen blir lovgivar 217
Lovgiving som gamal eller ny rett? 222
Kongen som øvste dommar 225
Riksstyre og byråkrati under kongens rådvelde 227
Bondekommunalismen 231
Bykommunalismen 235
Underordning i praksis 237
Retten i praksis 240
Norsk arvekongedøme mot dansk og svensk konstitusjonalisme 243

Kapittel 11
Kyrkja – den andre statsmakta? 251
Kyrkja lausriv seg 252
Eit atlanterhavsrike under konge og erkebiskop 258
Kongedømet og kyrkja i samarbeid og strid 260
Kyrkja som statsbyggjar og statsmakt 266
Ein kongeleg kyrkjeorganisasjon – ein trugsel? 270
Kor djupt stakk kristentrua hos folk? 272

Kapittel 12
Noreg får ein adel 277
Frå hird til riddarvesen 278
Aristokratisering av lokalstyret 283
Høviske stormenn og nytt mannsideal 284
Eit konsolidert aristokrati – både hjelp og trugsel 287
Var Noreg svakt militært og økonomisk? 288
Adeleg riksstyre og kongefellesskap 294
Kven ville ha oppløysing av kongefellesskapet? 298
Eit aristokratisk kongedøme på 1300-talet 300

Kapittel 13
Mot ein stat? 309
Det europeiske biletet 309
Det norske biletet 311

Litteratur 321

Illustrasjonar 357
Foto 357
Kart 357

Stikkordregister 359

Føreord

Frå høvdingdøme til statsmakt i Noreg ca. 200–1350 er skriven av ein arkeolog og ein historikar i lag. Boka spenner frå romartida og ut høgmellomalderen og ser Noreg i eit europeisk perspektiv. Målet har vore både å gi eit oversyn og å teikne opp til dels meir nyanserte og også nye liner og samanhengar i historia ut frå eit breitt, tverrfagleg forskingsgrunnlag. Vi har blant anna freista å kaste nytt lys over påverknaden frå Romarriket på Noreg ca. 200–550, med særleg fokus på ringtuna og våpengravene. Vi trekkjer i tillegg fram viktige resultat frå den rettsantropologiske tilnærminga, som viser dei langvarige førstatlege trekka i Noreg. Ut frå nye moment argumenterer boka for ein overgang frå plyndrings- og slaveøkonomi til by- og godsøkonomi i tida ca. 900–1100. Vidare har vi søkt å teikne eit meir komplekst bilete enn det tradisjonelle av kongens lovgivingsrett på 1200- og 1300-talet, samstundes som vi har oppvurdert kyrkjas rolle som statsmakt i høgmellomalderen. Endeleg drøftar vi den nye forskinga som syner eit sterkt aristokrati og tydelege teikn på adel i Noreg på 1300-talet.

Vi har fått god hjelp frå mange. Vi vil særleg få nemne Bjørn Bandlien, Sverre Bagge, Zanette Tsigaridas Glørstad, Svein H. Gullbekk, Lotte Hedeager, Steinar Imsen, Frode Iversen, Fredrik Charpentier Ljungqvist, Per G. Norseng, Erik Opsahl, Anne Irene Riisøy, Bernt Rundberget, Gro Steinsland og Frans-Arne Stylegar, som alle har lese og kommentert manus. Ei viktig og sterk støtte har vi fått frå Knut Vegard Bergem i Cappelen Damm Akademisk, som har oppmuntra oss, hatt stor tru på bokprosjektet vårt og gitt oss gode råd på vegen. Ein god assistent frå forlaget har vi også hatt i Natasja Harung.

Kristiansand og Trondheim juli 2017

Knut Dørum og Eirin Holberg



Sjakkonge og dronning i kvalrosstann som er funne på Lewis, ei av øyane i Hebridane. Stilen kan tyde på at sjakkbrikkene er laga i Nidaros mellom 1150 og 1175.

KAPITTEL 1

Den lange vegen mot ein stat

I 1223 var biskopar, jarlar, lendmenn og bondedelegatar samla til riksmøte i Bergen. Saka som skulle avgjerast, var kven som skulle vere konge i Noreg. Dei siste seks åra hadde Håkon Håkonsson vore konge i namnet, men sidan han var umyndig, var det Skule Bårdsson som hadde styrt. No gjorde begge krav på kongetittelen, og begge partar hadde mønstra så mange som mogleg av dei mektigaste mennene i landet for å tale saka si. På riksmøtet tok fleire av dei ordet, ein av dei var Åmunde Remba, lagmann i Ryfylke. Han reiste seg og sa:

> Mange fagre gåver har eg å takke Skule Jarl for, og ofte har eg vore så vel halden hos han, at det kan eg ikkje telje opp. Men ikkje har eg drukke frå meg vett eller truskap så eg for den skuld har mist manndom eller sanninga.

Denne utsegna frå Åmunde Remba er gjengitt i sagaen om Håkon Håkonsson som islendingen Sturla Tordsson skreiv ned i 1260-åra. I desse orda låg det skuldingar om at Skule Bårdsson hadde freista å kjøpe seg støtte frå han i kampen om trona, og Sverre Bagge tolkar utsegna som uttrykk for ei bryting mellom gamle og nye politiske spelereglar i landet (Bagge 1998: 170 ff.). I det gamle samfunnet var det sjølvsagt at kongar, jarlar og stormenn knytte til seg menn med gåver. I det nye statssamfunnet som var i emning, var derimot ikkje denne gåvegivinga og venskap med andre like legitim i alle situasjonar. No kom kravet om at ombodsmennene til kongen måtte rette seg etter lovene og den objektive retten, eller ein rett som ikkje tok personlege omsyn, men følgde overordna moralnormer. Ein var ikkje lenger like sterkt forplikta overfor vener, og det å hevde personlege interesser framfor det som vart oppfatta som rett, kunne bli møtt med moralsk fordøming. Gåver kunne no bli oppfatta som korrupsjon.

Ei herskarmakt basert på personlege band der politisk «venskap», eller alliansar, vart bygde opp og stadfesta med gåver og gjengåver, kan førast langt attende i tid. På 1200- og 1300-talet trer det fram eit meir personuavhengig kongedøme tufta på eit større styringsapparat, sjølv om det vel å merke kunne

vere stor skilnad på den makta kongen hadde i lovverk og ideologi, og den han faktisk kunne utøve i møte med stormenn og bønder i det verkelege livet. Dei personlege banda fortsette å vere viktige. Likevel vitnar orda til Åmunde Remba under riksmøtet i 1223 om ei utvikling mot eit statssamfunn og nye normer som kongelege ombodsmenn måtte følgje. Med dette rører vi ved det som er hovudtemaet for boka: utviklinga mot ein stat i tida før 1350.

Statsutvikling, eller korleis staten voks fram, har vore det mest sentrale emnet i norsk historieforsking i Noreg som i resten av verda sidan historiefaget vart profesjonalisert på 1800-talet. Denne interessa går attende til historikarane Peter Andreas Munch og Rudolf Keyser i 1830- og 1840-åra. Lenge har den institusjonelle oppbygginga av kongemakta vore sentral i historieforskinga, korleis kongen bygde opp ein administrasjon, eit militærvesen og eit lovverk osb. for å styre riket. Historikarane har sett føre seg at vikingtida og mellomalderen førte med seg sterk samling av makt hos kongen og aristokratiet, og ein la stor vekt på lover som kjelder. I dei seinare tiåra har fokuset kome meir på korleis den politiske praksisen var, eller kor langt makta til kongen og styringsapparatet hans strekte seg i røynda, og historikarane har gjort dei forteljande sagaene til viktigare kjelder enn tilfellet var før. Innanfor arkeologi vart det først i 1980- og 1990-åra stor interesse for politiske prosessar og tilhøve for tidsrommet Kr.f.–1100. Rike funn har gjort at arkeologane har meint å kunne finne ei meir utbygd herskarmakt tidlegare enn det ein har trudd. Det viser til dømes registreringar av ringtun, skipsgraver, storhaugar og graver med store rikdomar i edelt metall. Det har fått somme til å drøfte om ein kan tale om ei utvikling mot ein stat alt i dei første hundreåra etter Kristi fødsel.

Rikssamlinga var lenge forstått som den territorialpolitiske samlinga av dei norske landsdelane til eitt rike, og historikarane på 1800-talet såg Harald Hårfagre som den som først samla Noreg til eitt rike. I dag har ordet *rikssamling* fått ei vidare meining. Omgrepet dekkjer den indre konsolideringa, eller korleis det kongelege styringsapparatet vart utbygd i dei ulike distrikta. Kongen var avhengig av å ha hærstyrkar og krigsskip, ha ombodsmenn, rå over eit rettsapparat, få inn inntekter og støtte seg på førestillingar om ein kongsrett. I dag står Harald Hårfagre framleis fram som den kongen som starta samlinga av Noreg til eitt rike; men historikarane ser no rikssamlinga som ein prosess som først vart fullbyrda på slutten av 1200-talet og byrjinga av 1300-talet.

Denne boka skal handle om høvdingar og kongar i Noreg frå 200-talet til ca. 1350, om kva slags rett og med kva slags makt dei rådde over folk og terri-

torium, og om dette grunnlaget endra seg mellom tre hovudepokar: 200–900, 900–1100 og 1100–1350. Boka vil ha særleg fokus på spørsmålet om utviklinga gjekk så langt at ein kan tale om ein stat i denne tida. I den samanhengen er det viktig å sjå på ulike definisjonar av *stat*. Tanken til Max Weber om at ein stat må ha monopol på fysisk makt, vil vere den viktigaste definisjonen, og den har mange nytta. Kan vi tale om ein stat når den politiske organisasjonen innanfor riket ikkje har valdsmonopol eller full råderett over fysiske maktmiddel som militærvesen og rettsapparat? Fell staten bort om stormennene hadde store hærstyrkar og førte feidar mot kvarandre og kyrkja hadde eiga lovgiving og eige rettsapparat? Eller er det rimeleg å senke krava for stat og heller føresetje sentralisering av makt på eit visst nivå rundt ein herskar eller eit maktapparat? Vi skal seinare i denne boka argumentere for det siste.

Forskarane er alt anna enn samde om den eldste politiske historia. Medan den nyare arkeologiske forskinga i Norden vil sjå ei tydeleg politisk konsolidering og sentralisering av politisk makt, eller til og med byrjinga på statsdanningsprosessen, alt i yngre romartid og folkevandringstida (200–550), har tendensen innan historiefagleg forsking gått den motsette vegen. For historikarar innanfor den nye sagaforskinga, også kalla «den antropologiske vendinga», har det vore viktig å få fram at det norrøne samfunnet på 1200-talet enno hadde mange førstatlege trekk. Dette står slik sett i sterk kontrast til den tradisjonelle politiske historieskrivinga, som har vektlagt den sterke institusjonelle utbygginga på 1100- og 1200-talet mot ein stat. Dei mest ivrige kritikarane av dei meir tradisjonelle «institusjonshistorikarane» har stilt spørsmål om Noreg eller nordiske land på 1200-talet nådde særleg langt i å bli ein stat. Såleis får vi ein klår motsetnad mellom ei arkeologisk retning som vil føre statsutviklinga langt attende i tid, og ei retning blant historikarane som meiner at dei førstatlege trekka heldt seg godt inn på 1200- og 1300-talet.

Ein heilt annan posisjon er den såkalla kommunalismeforskinga innanfor tysktalande land og Sverige og Noreg, som meiner at ein må sjå statsutviklinga i mellomalderen ut frå tidas eigne premissar. Sentralt her er at mykje av statsutviklinga skjedde nedanfrå i lokalsamfunna, som ofte hadde ein politisk-administrativ kompetanse som liknar på den moderne kommunar har. Kongedøma i Europa ca. 1100–1350 baserte seg på at lokalsamfunna styrte seg sjølve og utvikla administrative og rettslege organ, og at lokale elitar stod for mykje av statsforvaltninga i meir eller mindre samarbeid med kongemakta.

Skilnaden mellom dei nye tendensane i arkeologifaget og historiefaget når det gjeld tida før 1350, kan synast paradoksal. Den har ikkje minst å gjere med ulike

statsdefinisjonar, men også med ulikt kjeldegrunnlag og ulike fagtradisjonar. Den nye arkeologiske forskinga og den nye sagaforskinga og kommunalismeforskinga innanfor historiefaget har på kvar sin måte kome fram til viktige resultat. Dette kjem i tillegg til nye, avgjerande funn innanfor til dømes religionshistorie, namnegransking, norrøn filologi og numismatikk (myntforsking), og ikkje minst innanfor den tradisjonsrike politiske institusjonshistoria. Boka vil såleis gi ei tverrfagleg oversikt. Gjennom å studere den politiske konsolideringa i Noreg i jernalderen som munna ut i høvding- og småkongedøme, i tillegg til statsutviklinga frå slutten av jernalderen og ut høgmellomalderen, får vi eit breitt utsyn over store samfunnsendringar og over historia også i økonomisk, sosial og kulturell forstand.

Gangen vidare i boka er slik: I kapittel 2 skal vi drøfte kva som ligg i omgrepet stat ut frå internasjonal forsking, og kva slags følgjer det får for debatten om statsutvikling. I kapitla 3 og 4 skal vi følgje den politiske historia i Noreg fram til ca. 900 basert på den viktigaste norske forskinga innan ulike fag, men utan å miste av syne den større europeiske samanhengen. Her vil utviklinga mot stadig sterkare politiske einingar som høvdingdøme og småkonge stå i fokus, ei utvikling som på ingen måte var rettlina eller utan tilbakeslag. I kapitla 5–8 skal vi sjå på den avgjerande fasen i tida 900–1100 då Noreg vart samla til eitt rike etter å ha vore mange småkongedøme, og vise dei første spirene til institusjonar rundt rikskongen. I kapitla 9–12 skal vi ta for oss statsutviklinga i tida ca. 1100–1350, eller den utbygginga av rikskongedømet institusjonelt og ideologisk som peika mot ein stat.

Når vi i boka set eit hovudskilje ca. 1100, er det fordi tidsrommet ca. 200–1100 på fleire måtar representerer ei annleis herskarmakt i høve til seinare. Før ca. 1100 var det lite utvikla institusjonelle ordningar, den personlege herskarmakta var ustabil og omskifteleg, og plyndringsøkonomien stod sterkt, ikkje minst på 800- og 900-talet. Likevel er det lett å undervurdere endringane alt i tida ca. 200–600, då politisk sentralisering melde seg med høvdingar som rådde over større territorium som dei verna med militære anlegg og hærflokkar. Dinest fann dei legitimitet som ætlingar av gudar og andre makter i ei religiøs tankeverd og i religiøse leiarfunksjonar, og dei henta politisk og militær inspirasjon frå keisarar og militærordninga i Romarriket. Rikssamlingstida i Noreg ca. 900–1100 må vi sjå som ei viktig overgangstid, ikkje minst med gjennombrotet for tanken om at ein konge og ei kongeætt skulle rå over «nordmennenes land», og kristne tankar om kongemakt. Utetter 1100- og 1200-talet gjekk det

føre seg ei politisk sentralisering og konsolidering i form av at viktige politisk-administrative, militære og økonomiske institusjonar knytte til kongedømet vart bygde ut, ikkje minst som følgje av borgarkrigane. Mykje av utviklinga mot ein stat er nettopp konsentrert til 1100- og 1200-talet, vil mange meine, sjølv om det kan diskuterast om Noreg vart ein stat ca. 1350, og kor langt den institusjonelle utviklinga gjekk for kongedømet. Likevel var viktige føresetnader lagde alt i hundreåra før ca. 1100. I det siste kapittelet – kapittel 13 – vil vi samle trådane og drøfte kor langt Noreg nådde i å bli ein stat ca. 1350.



Kongen overrekkjer eit landtvistbrev til drapsmannen, illustrert i eit seinare handskrift frå 1300-talet av Magnus Lagabøtes landslov, som vart vedteken i 1274. Brevet gav drapsmannen rett til å opphalde seg i landet etter at han hadde gjort opp for seg med familien til den drepne, eller kjøpt seg fri frå utlegd hos kongen. Teikninga demonstrerer at kongen var den øvste dommaren.

KAPITTEL 2

Debatten om staten før 1350

Kan vi tale om ein stat i jernalderen og mellomalderen i Europa? Det kjem an på kva krav eller kriterium ein stiller. Nokre seier ja – eller at det er klåre tendensar mot utvikling av ein stat – når det gjeld 1100- og 1200-talet eller 1300-talet. Andre vil moderere dette og seie at det er tendensar på 1200- og 1300-talet, men at gjennombrotet kom på 1500- og 1600-talet med den langt sterkare militær- og skattestaten. Ei tredje gruppe vil føre byrjinga på staten heilt attende til 300- og 400-talet eller endå tidlegare, men med eit gjennombrot i tida ca. 500–1000. Ei fjerde gruppe vil seie at statsdanninga ikkje hadde kome særleg langt enno på 1200- og 1300-talet, eller at dei førstatlege samfunnstrekka enno var tydelege på denne tida. For dei sistnemnde blir staten først og fremst eit 1800- og 1900-talsfenomen.

Vi kan forenkle dette biletet. Vi kan skilje mellom tradisjonell politisk institusjonshistorie som ser gjennombrotet for statsutviklinga i høgmellomalderen eller 1000–1300, og historikarar med eit rettsantropologisk perspektiv som vil dempe inntrykket av at statsutviklinga kom særleg langt i denne perioden. Til slutt har vi arkeologar som meiner at det kan vere naturleg å snakke om tendensar til primitive statar alt i tida 300–600.

Det finst ulike definisjonar av stat. Sosiologen Max Weber ville i si tid knyte ei særskild makt til staten. Weber la vekt på at staten har eit monopol på all fysisk makt eller valdsmakt – gjennom til dømes militære styrkar, politi- og påtalemakt og rettsapparat – innanfor eit definert territorium. Webers definisjon har mange forskarar lagt til grunn når dei har diskutert om ei politisk eining kan kallast ein stat eller ikkje (Weber 1971). Vi finn nedslag av definisjonen i mange ulike arbeid innanfor mange samfunnsfag, og ikkje minst i politisk historie og politisk orientert arkeologi.

Følgjer ein krava til Weber strengt, kan det bli vanskeleg å snakke om statstrekk i tida 200–1350, då ingen politiske organisasjonar fekk så stor makt. Lempar ein mykje på krava, kan det fort bli slik at all form for territorial maktkon-

sentrasjon kan bli tolka som statsutvikling. Ein slik reduksjonisme kan skugge for viktige strukturelle og kvalitative skilnader mellom ulike politiske organisasjonar i forskjellig tid og rom. Uansett, dette med monopolisert fysisk valdsmakt har vore avgjerande for utvikling av kongedøme og statar. Men definisjonen opnar for interessante diskusjonar.

Staten har valdsmonopol

I europeisk mellomalder (500–1500) snakka ein ikkje om stat, men om *land* (terra) og *rike* (regnum eller imperium). Og det var i stor utstrekning kongen som batt folk og land saman, og riket var det landområdet som kongen greidde å rå over med militære hjelpemiddel og på grunnlag av tilslutning frå aristokratiet og allmugen. Men ei ukritisk lesing av kjelder som hyllar kongar i mellomalderen, kan gi inntrykk av allmektige kongar. La oss ta to eksempel, eitt frå Noreg og eitt frå Frankrike. I propagandaverket om kongen, *Kongsspegelen*, frå midten av 1200-talet heiter det om «ein einevaldskonge», mynta på dåverande kong Håkon Håkonsson: «Han er så opphøgd og æra på jorda at alle må bøye seg for han som Gud. Han har også så stort velde at han rår for levedagane til kvar mann som er i riket hans, slik han sjølv vil, han lèt drepe den han vil og leve den han vil.» Her står det fram for oss ein konge som sit med all makt, ikkje minst som rår over all valdsmakt (Helle 1974: 232–233). Eit liknande eksempel har vi frå Frankrike. Ei fransk kjelde frå 1305 fortel at alt innanfor grensene til det franske kongeriket høyrer til kongen. Det er kongen som vernar, dømmer og har makt over alle. Kongen kan gi bort, ta imot og gjere bruk av alle eigedomar og verdiar i riket, til nytte for det allmenne vel og for å forsvare riket. Igjen får vi inntrykk av den suverene rikskongen (Brown mfl. 2001: 212, Strayer 1980).

Dei to nemnde utsegnene er uttrykk for ideologi og var meint å lovprise og opphøgje kongen. Det er openbert at dei formidlar tankar som miljøa rundt kongane i både Noreg og Frankrike trudde på og propaganderte for. Det var også slik ein ønskte at det skulle vere. Men orda fortel oss berre ein del av sanninga. Så stor makt hadde ingen konge eller keisar, realitetane var annleis. Ideologi er ikkje det same som praksis eller korleis makta var fordelt i røynda. Det var mange i riket som hadde makt, også rådvelde over fysisk makt, og kontrollen kongen utøvde, var avgrensa. Kor langt strekte makta til kongen eller den politiske eininga seg i praksis? Kva svar ein finn her er avgjerande for å kunne drøfte kor langt statsutviklinga har kome.

Mange forskarar vil, som nemnt, nettopp setje valdsmonopol innanfor eit bestemt territorium som ein hovudpremiss for ein stat, i tråd med definisjonen til Max Weber (Holenstein 2009). Vi skal utdjupe dette med valdsmonopol. Staten må ha hand om alle militære maktmiddel og vere åleine om å rå over ordensmakta, domsmakta og oppgåva med å straffe dei som har brote lova. Ingen andre instansar, institusjonar eller personar skal kunne utøve valdsmakt. Staten må i tillegg utgjere meir enn ei personleg makt. Statsoverhovudet – kongen, presidenten eller statsministeren – må ha eit byråkrati eller eit styringsapparat som overlever skifte av makthavarar. Staten kan ikkje vere avhengig av ein eller fleire personar. Det er fleire institusjonar med mange personar som ber staten oppe. Sentralt er det også at staten utøver og rettferdiggjer makta si gjennom lovgiving. Ideologisk vart kongane til dømes i mellomalderen tildelte stor kontroll over fysiske tvangsmiddel eller stor domsmakt, men praksis kunne vere noko annleis.

Den amerikanske samfunnsvitaren Charles Tilly er på same måte som Max Weber oppteken av monopolisering av fysisk valdsmakt hos staten. Tilly meiner at gjennombrotet for den territorialt avgrensa nasjonalstaten først kom i tida 1700–1850, men med tendensar alt i tidsrommet 1400–1700. Tilly skil mellom ein nasjonalstat (national state) og ein nasjonstat (nation-state). Nasjonalstaten rommar ikkje sjeldan fleire ulike etniske, språklege og religiøse grupper, men har ei sterk maktsentralisering med omsyn til rettshandheving og militærmakt. Ein nasjonstat har også det kjenneteiknet at befolkninga deler same språk, religion og symbol. Tilly meiner at få moderne statar oppfyller vilkåret for nasjonstat. Unntaket er land som Sverige, Noreg, Danmark og Irland (Tilly 1990). Noko anna er at språklege fellesskap vart viktige markørar og identitetar, om ikkje alltid realitetar, i yngre jernalder og mellomalderen for fleire kongedøme. Til dømes Noreg, Danmark, Tyskland, Frankrike og England var rike for nordmenn, danskar, tyskarar, frankarar og angelsaksarar i retorikk og propaganda som riksstyret i landa nytta.

Etter Tillys oppfatning var det først etter ca. 1700 at mange statar, først og fremst i Europa, greidde å etablere effektive skatte- og avgiftssystem, byggje opp store hær- og flåtestyrkar som dei hadde fullt rådevelde over, og få full administrativ kontroll over gamle og nye territorium. Det som dreiv fram denne utviklinga, var særleg krigar mellom statar om geografiske område som kravde ei enorm ressursmobilisering. I tillegg kom framvoksteren av eit kapitalistisk økonomisk system som auka den økonomiske verdistraumen som staten kunne leggje skattar og avgifter på (Tilly 1975, 1990).

I slekt med Webers valdsmonopol som kriterium for stat er lovgivingssuverenitet, eller einerett til å skipe lover. Den tyske rettshistorikaren Michael Stolleis ser ein nær samanheng mellom utvikling av kongeleg lovgiving og statsvekst i mellomalderen med eit gjennombrot mot slutten av perioden, etter ca. 1300 (Stolleis 1984). I tråd med dette synet meinte den danske rettshistorikaren Ole Fenger at det var først på 1300-, 1400- og 1500-talet at den naudsynte intensiveringa av lovgivinga til fyrstane i Europa gjekk føre seg i eit slikt omfang at det vart følgt av ei større byråkratisering og rasjonalisering av styret (Fenger 1991). Andre forskarar har meint at vel så viktig som fysisk valdsmonopol for kongedøme i mellomalderen er propaganda- og ideologimonopol. Hadde kongen eller staten einerett til å definere kva som skulle vere dei rette politiske førestillingane og meiningane, ville opposisjonen ha langt dårlegare kår, og monopolet ville styrke oppslutninga om regimet (Genet 2010, Brégaint 2016). Ei innvending mot Webers definisjon har vore at fyrstar i jernalderen og mellomalderen ikkje naudsynleg sette seg som mål å samle fysisk tvangsmakt på sine hender, men styrte i form av politiske venskaps- og truskapsrelasjonar i eit samfunn med desentraliserte makttilhøve. Denne innvendinga har særleg vore sett fram av den rettsantropologiske retninga, som vi skal kome attende til.

Uansett, felles for mange forskarar er at dei nyttar gradar av valdsmonopol som kriterium, eller føresetnader gjennom lovgivingsmonopol og ideologimonopol. Men var mellomalderstaten ut frå desse kriteria svak eller sterk? Vi byrjar med dei som meiner at den var relativt sterk.

Den sterke mellomalderstaten

Blant historikarane i Storbritannia og USA har det tradisjonelt vore ei sterk tru på at kongemakta voks seg så sterk på 1100- og 1200-talet at fleire europeiske land nådde langt i å bli ein stat. Ein har vilja sjå desse statane som forløparar til 1800- og 1900-talsstatane. På 1100- og 1200-talet vart grunnlaget lagt for statssystemet i dag (Maitland 1908, Hoskins 1918, Strayer 1970, mfl.). Denne tolkinga kom ikkje minst som følgje av at England tidleg vart eit sentralisert og byråkratisert kongedøme som har etterlate seg eit omfattande lovverk og mange statsdokument. Denne angloamerikanske retninga la stor vekt på institusjonar og konstitusjonar som vart knytte til store kongedøme som såg dagens lys i tida ca. 1000–1300. Kongemakta på 1100- og 1200-talet og utover på 1300-talet fekk ein stadig større del av domsmakta og lovgivinga, tok aukande kontroll over rikets militære styr-